

## Saksprotokoll i fylkestinget - 09.03.2021

**Jeanette Syversen (R)** sette fram slikt forslag:

«Vestland fylkesting stiller seg positiv til eit pilotprosjekt for 6-timars arbeidsdag med full lønnskompensasjon i Vestland fylkeskommune, både i nord og sør-delen. Fylkestinget ber om at administrasjonen går i dialog med fagforeiningane og vernetenesta, for å velje aktuelle reinhaldsavdelingar, greie ut kostnader og potensielle innsparingar ved til dømes redusert sjukefråvær. Det vert sett ned eit partssamansett utval som skal arbeide fram ein modell for eit pionerprosjekt for 6-timars normalarbeidsdag, for reinhaldsarbeidarar ved ein utvalt skule i nord og ein i sør-delen av fylket. Pionerprosjektet skal presenterast for det første fylkestinget våren 2022, med sikte på oppstart innan 2023, og skal evaluerast etter eit år i samråd med administrasjonsutvalet.»

**Trude Brosvik (KRF)** sette på vegner av KRF og Sp fram slikt forslag:

«Vestland fylkeskommune er oppteken av likestilling og ikkje-diskriminering, og av å legge tilrette for godt og helsefremmande arbeidsmiljø. Og opplever at det vert kontinuerleg arbeidd med tiltak som kan redusere sjukefråvær.

Fylkestinget meiner det ikkje ligg føre tilstrekkeleg grunnlag til å hevde at generelle forsøk med 6-timersdag vil vere beste tiltak for å nå måla ovanfor.

Ein ber administrasjonen, saman med partane, gjennom administrasjonsutvalet, vurdere korleis ein som arbeidsgjevar best kan møte dei utfordringane som kan kome for arbeidstakarar og yrkesgrupper som i særleg grad har ytt ein ekstra innsats gjennom pandemien, og slik førebygge sjukefråvær.»

**Natalia Golis (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Fylkestinget ønsker å initiere et samarbeid/dialog med partene i arbeidslivet, gjennom Administrasjonsutvalget, om å redusere normalarbeidstiden i et prøveprosjekt, med stor fleksibilitet for hvordan arbeidstid og arbeidstidsreduksjon skal organiseres.»

Det var 64 representantar tilstades.

### Avrøysting

Syversen sitt forslag fekk 7 røyster (R, SV, V) og fall.

Golis sitt forslag fekk 30 røyster (MDG, 3U (Morten Klementsens, Hege N. Dale, Leif Fjellro), A, R, SV, V) og fall.

Brosvik sitt forslag fekk 36 røyster (Sp, 1MDG (Pauline Tomren), 2U (Trym Aafløy, Leif Fjellro), 5Frp (Sigbjørn Framnes, Terje Søviknes, Helge Stormoen, Frank Willy Djuvik, Hogne Bleie), H, KRF, 3SV (Marianne Sæhle, Marthe Hammer, Symphorien Pombe)) og vart vedteke mot 28 røyster (4MDG (Mona Høgli, Mark Taylor, Natalia Golis, Øyvind Strømme), 2U (Morten Klementsens, Hege N. Dale), A, FNB, 1Frp (Bjarte Vatnøy), R, 1SV (Åsmund Berthelsen), V).

### Vedtak

Vestland fylkeskommune er oppteken av likestilling og ikkje-diskriminering, og av å legge tilrette for godt og helsefremmande arbeidsmiljø. Og opplever at det vert kontinuerleg arbeidd med tiltak som kan redusere sjukefråvær.

Fylkestinget meiner det ikkje ligg føre tilstrekkeleg grunnlag til å hevde at generelle forsøk med 6-timersdag vil vere beste tiltak for å nå måla ovanfor.

Ein ber administrasjonen, saman med partane, gjennom administrasjonsutvalet, vurdere korleis ein som arbeidsgjevar best kan møte dei utfordringane som kan kome for arbeidstakarar og yrkesgrupper som i særleg grad har ytt ein ekstra innsats gjennom pandemien, og slik førebygge sjukefråvær.

